

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.01.2011
Sakhandsamar: **Erik Sverrbo**
Saka gjeld: **Gjestepasientstraumar inn og ut av Helse Vest (2002-2009)**

Arkivsak
2009/395/
Styresak 022/11 O

Styremøte 03.02. 2011

Forslag til vedtak

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

På regionalt nivå er det berre Helseregion Sør-Øst som behandlar ein høgare del eigne pasientar innan eigen region, enn det Helseregion Vest har gjer. Om lag 94 prosent av all aktivitet generert av pasientar busett i Helseregion Vest har funne stad innan regionen. Pasientar busett i Helseregion Vest har det nest lågaste forbruket hjå private kommersielle sjukehus, målt i delen aktivitet av total DRG-produksjon. Det meste av den resterande aktiviteten utanfor regionen har funne stad ved institusjonar i Helse Sør-Øst RHF, og særleg då ved tidlegare Rikshospitalet. Talet DRG-poeng som pasientar busett i Helseregion Vest genererer utanfor helseregionen, er høgare enn talet DRG-poeng som gjestepasientar behandla ved institusjonar innan Helse Vest RHF genererer.

Ser ein på gjestepasientstraumane fordelt etter dei fire bustadområda i Helseregion Vest, finn ein at pasientar busett i og ikring Stavanger har størst prosentdel aktivitet ved i institusjonar i Helse Sør-Øst RHF, pasientstraumar som i hovudsak har gått til tidlegare Rikshospitalet HF (no UUS) og til Sørlandet sjukehus HF. Pasientar busett i Førdeområdet har eit visst aktivitetsnivå ved Helse Sunnmøre HF i Helse Midt-Norge RHF og er det bustadområdet som har høgast prosentdel aktivitet ved Feiringklinikken. Pasientar busett i Helse Bergen HF sitt opptaksområde har hatt ein gradvis vekst i aktivitet ved private kommersielle sjukehus frå 2003 til 2009, og var det bustadområdet som hadde høgast aktivitetsdel ved private kommersielle sjukehus i 2009. Bergenspasientane sitt aktivitetsnivå ved institusjonar i andre regionar er lågast av dei fire bustadområda. Pasientar busett i Helse Fonna HF sitt opptaksområde har den høgaste prosentdelen behandling innan Helseregion Vest, og lågaste delen aktivitet utanfor.

Fakta

Styret har bedt om ei orienteringssak om gjestepasientar, med oversikt over kva for pasientar som reiser ut og inn av Helseregion Vest. I denne saka vil det bli gitt ei oversikt over utviklinga i gjestepasientar inn og ut av Helseregion Vest i perioden frå 2003 til 2009, både på nasjonalt og regionalt nivå.

Aktivitetsutviklinga innan somatisk sektor kan bli målt både som tal sjukehusopphald og i form av DRG-poeng. I denne styresaka vil DRG-poeng bli nytta som aktivitetsmål. Vidare blir Helseregion Sør-Øst (SØ) synt som ein helseregion gjennom heile perioden, sjølv om Helse Sør RHF og Helse Øst RHF ikkje vart slått saman før i 1. juni 2007.

Kommentarar

1. Nasjonalt nivå


Denne orienteringssaka startar med å syne utviklinga på nasjonalt nivå i perioden frå 2003 til 2009. Figur 1 syner kor stor del av pasientane som blei behandla ved eit helseføretak innan helseregionen dei er busett i. Helseregion Sør-Øst er den regionen som har behandla flest eigne pasientar innan eigen region, gjennom heile perioden frå 2003 til 2009. I 2009 blei nær 97 % av alle DRG-poeng generert av pasientar busett i Helseregion Sør-Øst, produsert ved eit helseføretak innan same helseregion.

Helseregion Vest har hatt den nest høgaste delen pasientar behandla innan eigen region. I 2009 blei 94,0 % av DRG-poenga som pasientar busett i Helseregion Vest genererte, produsert ved eit helseføretak eller ved dei private ideelle. Dette tilseier at 6,0 % av DRG-poenga blei produsert utanfor Helseregion Vest.

Figur 1, Prosentdel aktivitet fordelt etter behandlingsstad - % av samla DRG-produksjon

Behandlingsstad	Prosentdel
Helse Stavanger HF	24,6 %
Helse Fonna HF	13,3 %
Helse Bergen HF	40,8 %
Helse Førde HF	9,1 %
Private ideelle sjukehus	6,2 %
Totalt	94,0 %


Figur 1, Utvikling i bruken av helseføretak og private ideelle innan eige RHF - % av samla DRG-produksjon



Helseregion Midt-Norge og Helseregion Nord har hatt lågast del pasientar behandla innan eigen helseregion og har dermed høgast prosentdel gjestepasientar ut av eigen region. Av figuren over kan ein og sjå at spreininga mellom dei fire helseregionane i prosentdelen pasientar behandla internt var større i 2009 enn i 2003.

Ein relativt stor prosentdel av pasientane som har blitt behandla utanfor eigen helseregion blei behandla ved eit privat kommersielt sjukehus. Figur 2 syner utviklinga i bruken av private kommersielle sjukehus. 2004 og 2005 var dei to åra då prosentdelen pasientar behandla ved private kommersielle sjukehus var på sitt høgaste.

Figur 2, Utvikling i bruken av private kommersielle sjukehus - % av samla DRG-produksjon




Gjennom heile perioden frå 2003 til 2009 har Helseregion Nord hatt den lågaste delen pasientar behandla ved private sjukehus, medan Helseregion Vest har hatt den nest lågaste delen. Medan pasientar busett i Helseregion Nord genererte 1 % av samla DRG-poeng ved private sjukehus i 2009, var delen 2 % for pasientar busett i Helseregion Vest i 2009.

Helseregion Midt-Norge har hatt den høgaste delen pasientar behandla ved private sjukehus dei seinaste åra, og delen har vore tilnærma stabil på 3 % frå 2006 og fram til 2009. Helseregion Sør-Øst har nær halvvert sin aktivitet ved private sjukehus, frå 4,4 % i 2003 til 2,4 % i 2009.


Figur 3 syner kor stor del av dei andre helseregionane si DRG-produksjon som har funne stad ved institusjonar i Helseregion Vest. Både pasientar busett i Helseregion Nord og Helseregion Midt-Norge har hatt eit aktivitetsnivå ved institusjonar i Helseregion Vest som har utgjord om lag 0,8 % av deira samla DRG-produksjon. For pasientar busett i Helseregion Sør-Øst har delen DRG-poeng generert i Helseregion Vest auka frå 0,5 % til 0,6 % i løpet av sjuårsperioden. I sum er pasientstraumane frå dei andre helseregionane til Helseregion Vest relativt låge.

Figur 3, Del aktivitet generert i Helseregion Vest - % av regionanes samla DRG-produksjon



I figuren under er det synt kor pasientstraumane ut av Helseregion Vest går, målt i prosent av regionens samla genererte DRG-poeng. Den største prosentdelen pasientar behandla utanfor Helseregion Vest, har blitt behandla ved helseføretak heimehørende i Helseregion Sør-Øst. I 2009 blei 3,5 % av DRG-poenga generert av pasientar busett i Helseregion Vest, produsert i denne helseregionen. Prosentdelen har vore svakt avtakande frå 2003 til 2009.

Figur 4, Delen pasientar busett i Helseregion Vest som er behandla utanfor Helseregion Vest - % av samla DRG-produksjon




Den andre pasientstraumen av ein viss storleik går frå Helseregion Vest til private kommersielle sjukehus som er geografisk plassert både innan og utanfor regionen. Delen pasientar behandla ved private sjukehus har vore avtakande frå 2005 og fram til 2009. Prosentdelen pasientar som har blitt behandla ved institusjonar i Helseregion Nord og i Helseregion Midt-Norge har vore låg gjennom heile den observerte perioden. Til saman utgjør prosentdelen pasientar behandla i desse to regionane 0,5 % av dei samla DRG-poenga generert av pasientar busett i Helseregion Vest. I 2009 blei 0,1 % av DRG-poenga generert i Helseregion Nord og 0,4 % generert i Helseregion Midt-Norge. Seinare vil det bli synt korleis desse gjestepasientstraumane ser ut fordelt etter bustadområda innan Helseregion Vest.

Tabell 2, Prosentdel aktivitet fordelt etter behandlingsstad for pasientar busett i Helseregion Vest - % av samla DRG-produksjon

Behandlingsstad	Prosentdel
Helseregion Vest og private ideelle i Helseregion Vest	94,0 %
Private kommersielle sjukehus	2,0 %
Helseregion Sør-Øst	3,5 %
Helseregion Midt-Norge	0,4 %
Helseregion Nord	0,1 %
Totalt	100 %


I figur 5 er det vist ein oversikt som syner det absolutte talet DRG-poeng generert utanfor Helseregion Vest, av pasientar busett innan regionen. Vidare syner figuren kor mange DRG-poeng som er produsert ved helseføretak innan Helseregion Vest, knytt til pasientar busett utanfor Helseregion Vest.

Figur 5 , Tal DRG-poeng generert av Vest pasientar utanfor Helseregion Vest (ut) og av eksterne gjestepasientar i Helseregion Vest (inn) (inkl. private kommersielle sjukehus)



Som figuren over syner blir det generert fleire DRG-poeng knytt til pasientar frå Helseregion Vest utanfor regionen, enn talet DRG-poeng som kjem inn til helseregionen gjennom gjestepasientar. Medan pasientstraumen ut av Helseregion Vest byrja å peike nedover frå 2005 til 2009, har pasientstraumen inn til regionen halde seg meir stabil i same periode, målt i DRG-poeng. I 2009 blei om lag 13 000 DRG-poeng generert av pasientar frå Helseregion Vest utanfor regionen, medan nær 6 000 DRG-poeng ble generert av gjestepasientar i Helseregion Vest. Dette gjer ein negativ differanse på nær 7 000 DRG-poeng. I 2005 var denne differansen nær 9 500 DRG-poeng.

Figur 6 , Tal DRG-poeng generert av Vest pasientar utanfor Helseregion Vest (ut) og av eksterne gjestepasientar i Helseregion Vest (inn) (ekskl. private kommersielle sjukehus)



Dersom ein held talet DRG-poeng som har blitt produsert ved dei private kommersielle sjukehusa utanfor samanstillinga (figur 6), ser ein at pasientar busett innan Helseregion Vest framleis har eit større tal DRG-poeng produsert utanfor eigen region, enn talet DRG-poeng som er generert av eksterne gjestepasientar behandla innan Helseregion Vest.


Når dei private kommersielle sjukehusa blir halden utanfor berekninga er differansane mellom DRG-poeng generert utanfor regionen, og DRG-poeng generert innan Helseregion Vest knytt til gjestepasientar frå andre helseregionar mindre. I 2009 var den negative differansen mellom dei to gjestepasientstraumane på om lag 2 800 DRG-poeng.

2. Regionalt nivå

I den andre delen av denne orienteringssaka vil fokuset vere på det regionale nivået og korleis forbruket av sjukehusstenester i helseregionar utanfor Helseregion Vest fordeler seg for pasientar busett innan dei fire bustadområda i Helseregion Vest. Ein må vere klar over at prosentdelen aktivitet som er generert utanfor Helseregion Vest varierar mellom dei fire bustadområda. På bustadområde nivå kan prosentdelen aktivitet målt i DRG-poeng innanfor Helseregion Vest vere både høgare eller lågare enn dei 94,0 % som var samla prosentdel i 2009 for alle pasientar busett i Helseregion Vest. Dei bustadområda som blir nytta er knytt opp mot opptaksområda til dei fire helseføretaka i helseregionen: Stavanger, Bergen, Fonna og Førde.

I figur 4 blei det synt at den største prosentdelen pasientar busett i Helseregion Vest som vart behandla utanfor regionen, i hovudsak fekk behandling ved institusjonar i Helse Sør-Øst RHF eller ved private kommersielle sjukehus. Denne delen startar difor med ein gjennomgang av gjestepasientstraumen til Helseregion Sør-Øst, eksklusive aktiviteten generert ved dåverande Rikshospitalet. Sidan Rikshospitalet har ein del nasjonale spesialfunksjonar, samt at pasientar busett i Helseregion Vest har hatt ein høvesvis stor del av aktiviteten der, vil dette bli presentert i ein eigen graf. I dag er Rikshospitalet ein del av Oslo Universitetssjukehus HF (OUS), men i den perioden aktiviteten som blir presentert fann stad var sjukehuset eit eige helseføretak.


Figur 7, Bruken av institusjonar i Helse Sør-Øst RHF eksklusive Rikshospitalet - % av samla DRG-produksjon



Figur 7 syner kor stor prosentdel av aktiviteten til pasientane busett innan dei fire bustadområda i Helseregion Vest som har blitt generert ved institusjonar i Helse Sør-Øst RHF. Pasientar busett i og ikring Stavanger har eit klart høgare forbruk enn pasientar frå dei tre andre bustadområda. Pasientar busett i Bergen og Fonna og som har blitt behandla i Helseregion Sør-Øst har vore rundt 0,6 % til 0,8 %, medan pasientar busett i Førde har vore kring 1,1 % til 1,2 %.

For pasientar busett i Stavanger har prosentdelen opphald i Helseregion Sør-Øst vore frå 2,9 % til 4,2 % i perioden frå 2002 og fram til 2009. I 2009 utgjorde delen 3,4 % av aktiviteten. Pasientstraumen har særleg gått til Sørlandet sjukehus HF. I 2009 var om lag 30 % av aktiviteten ortopediske pasientar, og særleg då primære proteseoperasjonar, operasjonar på bekken/hofte/lårbein, operasjonar på kneledd og operasjonar på overarm & kne/legg/fot. Andre typar opphald av eit visst volum som har gått frå Stavanger til Sørlandet sjukehus HF er fødslar (vaginal fødsel og keisarsnitt), sjukdommar i kvinnelege kjønnsorgan (operasjonar på livmor, rekonstruktive gynekologiske inngrep) og andedrettsjukdommar (lungebetennelse og brysthinnebetennelse, respiratorbehandling og operasjonar på andedrettsystemet), samt noko kjemoterapi behandling.

Figur 8, Bruken Rikshospitalet - % av samla DRG-produksjon



Når ein ser på aktiviteten ved Rikshospitalet (figur 8) generert av pasientar busett i Helseregion Vest, er det igjen pasientar busett i Helse Stavanger HF sitt opptaksområde som har hatt den største prosentdelen av aktiviteten ved dette helseføretaket. Frå 2002 og fram til 2009 har aktivitetsnivået vore kring 3 % til 3,5 % av det samla aktivitetsnivået. For pasientar busett i dei tre andre bustadområda har nivået vore kring 1,5 % til 2% av aktiviteten i same perioden. For alle bustadområda er delen aktiviteten ved Rikshospitalet utgjerd, lågare i 2009 enn den var i 2002. Pasientar busett i og rundt Bergen har historisk hatt den lågaste prosentdelen opphald ved Rikshospitalet.


Felles for alle dei fire bustadområda er at ein stor del av DRG-poenga generert ved Rikshospitalet gjeld ulike typar transplantasjonar og implantasjonar (nyretransplantasjon, levertransplantasjon, beinmergtransplantasjon, lungetransplantasjon, hjartettransplantasjon, transplantasjon av bukspyttkjertel og cochleaimplantat). Totalt utgjorde desse transplantasjonane 22 % av all aktivitet generert av pasientar frå Helseregion Vest ved Rikshospitalet i 2009. Dersom ein fordeler transplantasjonsaktiviteten etter bustadområde finn ein at pasientar frå Stavanger genererte 41 % av denne transplantasjonsaktiviteten, pasientar frå Fonna genererte 12 %, pasientar frå Førde 7 % og pasientar busett i Bergen utgjorde 40 % av transplantasjonsaktiviteten generert av pasientar frå Helseregion Vest. Dei aller fleste av desse inngrepa er høgspesialiserte og skal finne stad ved Rikshospitalet.

Nyfødde med tilstandar oppstått i perinatalperioden er eit anna fagområde kor Rikshospitalet behandlar pasientar frå alle bustadområda i Helseregion Vest. Dette er premature barn med låg fødselsvekt og/eller med multiple problem/større operasjonar. Om lag 56 % av desse barna frå Helseregion Vest, som ble behandla ved Rikshospitalet, var frå opptaksområdet til Helse Stavanger HF.

Eit tredje fagområde kor Rikshospitalet behandlar ein relativt stor del pasientar busett i Helseregion Vest målt i DRG-poeng er sjukdommar i sirkulasjonsorgana (ekskl. hjartettransplantasjonar). Det volummessig største inngrepet er operasjonar på hjartet og store kar i brystkassen. Pasientar busett i Stavanger og Bergen står for høvesvis 41 % og 31 % av denne typen operasjonar på pasientar frå Helseregion Vest. PCI er ei anna behandling som og er av eit visst volum ved Rikshospitalet. Igjen er det pasientar busett i Stavanger og Bergen som utgjerd dei største pasientgruppene med 45 % og 35 % av aktiviteten. Andre sirkulasjonssjukdommar som blir behandla ved Rikshospitalet er operasjonar på ein eller fleire hjarteklaffar, koronar bypass, større kardiovaskulære operasjonar, diagnostisk perkutane hjarteprosedyre og perkutane operasjonar på hjarte og store kar i brystkassen. Ser ein på den totale summen av alle sirkulasjonssjukdommar behandla ved Rikshospitalet i 2009, så blei 39 % av aktiviteten generert av pasientar frå Stavanger, 31 % frå Bergen, 16 % frå Fonna og 13 % frå Førde.

Eit siste fagområde ved Rikshospitalet kor pasientar frå Helseregion Vest har generert ei viss aktivitet er sjukdommar i nervesystemet. Dei volummessig største inngrepa innan dette fagområdet, målt i DRG-poeng er annen kraniotomi, intrakraniell cerebrospinal fluid shuntoperasjon, intrakraniell operasjon for svulst i sentralnervesystemet, perifere hjerne- og andre nerveoperasjonar, degenerative sjukdommer i nervesystemet og svulstar i nervesystemet. I sum er det dei intrakranielle operasjonane/kraniotomiane som utgjerd det største volumet av inngrep målt i DRG-poeng. Om lag 40 % av dei nevrokirurgiske inngrepa som pasientar frå Helseregion Vest genererte ved Rikshospitalet i 2009 var intrakranielle operasjonar. Ser ein på den totale aktiviteten innan sjukdommar i nervesystemet ved Rikshospitalet og korleis den fordeler seg mellom dei fire bustadområda i Helseregion Vest, finn ein at pasientar frå Stavanger genererte 59 % av denne aktiviteten i 2009, pasientar frå Bergen genererte 19 %, Førde 13 % og Fonna 9 % av aktiviteten.

Figur 9, Bruken av private kommersielle sjukehus - % av samla DRG-produksjon




Figur 9 syner utviklinga i bruken av dei private kommersielle sjukehusa fordelt etter bustadområda i Helseregion Vest. For tre av dei fire områda var bruken av private sjukehus i 2009, om lag på same nivå som i 2002 eller lågare. Unntaket frå denne utviklinga er pasientar busett i og ikring Bergen, som har hatt ein vekst i bruken av private sjukehus gjennom heile perioden, målt i prosentdelen DRG-poeng. Pasientane busett i dei tre andre bustadområda i Helseregion Vest hadde sitt høgaste nivå i forbruk ved private sjukehus kring 2004 og 2005, og har deretter hatt eit avtakande aktivitetsnivå fram til 2009.

Pasientar frå Bergensområdet hadde den høgaste prosentdelen aktivitet ved private sjukehus i 2009 med 2,8 % av den samla DRG-produksjonen. 66 % prosent av opphalda ved private sjukehus i 2009 fann stad ved Bergen kirurgiske sjukehus, 15 % ved Aleris helse Bergen og 12 % ved Bergen spine center. Den dominerande aktiviteten ved Bergen kirurgiske sjukehus har vore ortopediske inngrep på kne og olboge/underarm, ved Aleris helse Bergen operasjonar på linsa (auge) og ved Bergen spine center ortopedi i form av ryggkirurgi.

Pasientane frå Førde hadde størst prosentdel aktivitet ved private sjukehus i 2002, men eit lågare forbruk enn pasientane frå Bergen i 2009. Det som særleg kjenneteiknar aktiviteten til pasientane frå Førde er den høge delen aktivitet som har funne stad ved Feiringklinikken, som blir rekna som eit privat sjukehus i ISF-samanhang. I 2009 var ca 60 % av den samla aktiviteten deira ved private sjukehus ved denne institusjonen. Pasientar frå Førde utgjorde og nær 60 % av all aktivitet generert av pasientar frå Helseregion Vest ved Feiringklinikken i 2009.

Pasientar busett i Fonna har hatt den lågaste prosentdelen av aktiviteten ved private kommersielle sjukehus frå 2005 og fram til 2009. Aktiviteten målt i DRG-poeng i 2009 utgjorde 1 % av samla forbruk, og var tilnærma likt fordelt mellom Bergen spine center, Bergen kirurgiske sjukehus, og Feiringklinikken.


Figur 10, Bruken av institusjonar i Helse Midt-Norge RHF - % av samla DRG-produksjon



Når det gjeld pasientar som reiser frå Helseregion Vest til institusjonar i Helse Midt-Norge RHF så syner figur 10 at dette i hovudsak gjeld pasientar busett i opptaksområdet til Helse Førde HF, som har ein geografisk nærleik til institusjonane lengst sør i Helseregion Midt-Norge.

Pasientane er i hovudsak behandla ved Helse Sunnmøre HF, og særleg då ved Volda sjukehus og Mork rehabiliteringssenter. Rehabiliteringsopphald (vanleg og kompleks) utgjer det klart største prosentdelen av DRG-poenga (om lag 40 %), medan den resterande aktiviteten fordelar seg på ei rekkje fagområde. Dei volummessig største inngrepa innan desse fagområda målt i DRG-poeng er tracheostomi, transurethral prostataectomi, primære proteseoperasjonar i hofte/kne/ankel, operasjonar på kolumna ekskl spondylodese, nyfødd med fødselsvekt 1500 – 2499g med multiple problem, alvorleg respirasjonsproblem hos nyfødd, vondarta svulst i mannlige kjønnsorgan, transurethrale operasjonar ekskl. på prostata, transurethral prostatectomi, nyfødd med fødselsvekt 1500 – 2499g utan multiple problem og inngrep for åreknutar.

Figur 11, Bruken av institusjonar Nord RHF - % av samla DRG-produksjon



Den siste figuren (figur 11) syner aktiviteten målt i DRG-poeng generert av pasientar busett i Helseregion Vest, ved institusjonar innan Helse Nord RHF. Som figuren syner er aktivitetsnivået svært lågt for pasientar frå alle dei fire bustadområda. I 2009 varierte prosentdelen av aktiviteten generert i denne regionen frå 0,16 % for pasientar frå Stavanger til 0,07 % av aktiviteten for pasientar frå Bergen.